

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	<b>Stord sokneråd</b>
Tid:	<b>Tysdag 18.april 2022</b>
	<b>Kl. 17.00 – 19.00</b>
Møtestad:	<b>Kyrkjekontoret</b>
Opning:	<b>Anders</b>

**Til stades:** Anders Dahl, Nils Dale Elde, Kirsti Angvik Frugård, Jørgen Knudsen, Egil Petterteig, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Sigrid Beate Eskeland, Signe Vorland og Reidun Andersen (sakshandsamar)

**Forfall:** Dag Kjetil Lægreid (1. vara)

**Andre til stades:** Ingvild B. Almås

## SAKLISTE

### 2023/30- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Godkjent, med følgande tilleggssaker:

- Foredrag med Tania Michelet (orienteringssak)
- Førespurnad om aktivitetar v/fellesgudsteneste 25.juni (gruvene)
- Sak 2023/35 om 17.mai utvidast til å omfatte spørsmål om å droppe gudstenesta i Stord Kyrkje 17.mai

### 2023/31- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

**Vedtak:** Godkjent..

### 2023/32- 002 Godkjenning av valliste til soknerådsvalet 2023

Soknerådet (som valstyre) har motteke listeforslag frå nominasjonskomiteen.

*Ingeborg informerte om arbeidet som har vore, fin gjeng i nominasjonskomiteen, men kunne vore fleire med, folk som sa ja var positive og hadde lyst til å vere med, strevde med å få full liste.*

**Vedtak:** Soknerådet takkar nominasjonskomiteen for godt arbeid og godkjenner vallista som framlagd. Samrøystes.

### 2023/33- 012 Plan for førehandsstemming ved soknerådsvalet 2023

Reidun orienterer om korleis førehandsstemming har vore organisert tidlegare år og ga ein førebels oversikt over korleis me tenkjer løysa det i år. Valhandboka gir følgjande føringar:

- Valstyret skal legge til rette for førehandsstemming i tidsrommet 10. august til 8. september (fredag før valdagen). Valstyret bør legge til rette for at flest mogleg får stemme. Det er opp til valstyret å vurdere kvar det skal leggast til rette for førehandsstemming, men det er eit minimumskrav at valstyret skal leggje til rette for ordinær førehandsstemming. Dette kan til dømes gjerast på kyrkjekontoret eller i kyrkja
- Valstyret skal leggje til rette før førehandsstemming torsdag 31. august 2023 i tidsrommet 15:00 til 20:00.
- Valstyret skal leggje til rette for førehandsstemming etter minst ei gudsteneste i perioden for førehandsstemming
- Det bør haldast førehandsstemming på institusjonar som geografisk hører til soknet
- Valstyret i soknet kan gjerne ta kontakt med eventuelle studentprestkontor i soknet for å oppmode til at dei legg til rette for førehandsstemming
- Valstyret bør leggje til rette for førehandsstemming på minst eit arrangement for unge
- Frist for å søke bispedømerådet om dispensasjon frå krava til tid og stad for førhandsstemming er 16.mai.

**Vedtak:** Soknerådet tek orienteringa til vitande og ser ikkje behov for å søkje om dispensasjon frå krava til tid og stad for førehandsstemming. Reidun set opp forslag til stemmemottakarar og vaktliste for valdagen.

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

## 2023/34- 362 Misjonsprosjekt (Oppfølging av Sak 2023/12)

Informasjon fra møtet med delegasjon venskapskyrkja på Cuba og vurdering av om prosjektet på Cuba er aktuelt som misjonsprosjekt for oss.

*Kirsti og Signe orienterte om eit arbeid som virka inspirerande, engasjerande og spanande. Unge, godt utdanna personar driv arbeidet, viktig prosjekt då det er aukande fattigdom i landet, Normisjon har hatt kontakt med kristne på Cuba i 50 år. Kjell Ove Hatlem i Normisjon er tilsett i Bjørgvin bispedøme for å koordinere samarbeidet med den lutherske kyrkja på Cuba. Det gjer at det vil bli god kontakt med arbeidet, meir tilgjengeleg, og lettare å få eit eigarforhold til prosjektet ved at han kan inviterast til kyrkja og informere undervegs.*

**Vedtak:** Soknerådet ynskjer å skifte misjonsprosjektet frå engasjement i Bangladesh til prosjektet i Cuba. Soknerådet v/ Anders og Kirsti tar dette vidare med Kjell Ove Hatlem i Normisjon. Samrøystes

## 2023/35- 371 17. mai

Skal kyrkja ta del i borgartoget på Stord?

*Moment frå samtaLEN: Tankar v/Sigrid om å synleggjere kyrkja i toget. Ho har hatt kontakt med andre som ynskjer at alle kristne forsamlingar på Stord går under same fana i 17. mai toget. Soknerådet er positive og vil stille i toget om dei har høve til det. Det skal vera eit møte 2. mai med andre inviterte kristne lag og organisasjonar.*

Det er planlagd gudsteneste både i Stord Kyrkje og på Huglo 17.mai. Barnetoget frå Hystad skule skal i år likevel ikkje gå til kyrkja. Erfaringane er lågt oppmøte i Stord Kyrkje (ca 20 stk) og godt oppmøte på Huglo (ca 100 stk). Pga begrensa ressursar (særleg musikk) er det reist spørsmål om å droppe gudstenesta i Stord Kyrkje for å prioritere ressursar til Huglo.

*Moment frå samtaLEN: Prosten deltek v/Rommetveit skule og er også spurt om å ha tale ved kransenedlegging ved Stord Kyrkje kl 11. Kyrkja kan likevel vera open, med tente alterlys? Soknerådet var opptatt av at me som kyrkje skal feire gudsteneste denne dagen, men synes det er fint å prioritere ressursane der det er stor oppslutning (på Huglo). Ønskjer ikkje med dette å konkludere om at ein har slutta å ha gudsteneste i Stord Kyrkje 17.mai, men opnar for ny vurdering neste år. Barnetoget frå Hystad går i år ikkje til kyrkja, bl.a. pga mykje trafikk då barna vert henta av foreldra i bil..*

**Vedtak:**

Stord sokneråd ønskjer å arbeide for at kyrkja er synleg i borgartoget, gjerne saman med andre. Sigrid deltek på møtet 2.mai og følgjer opp denne saka fram mot 17.mai.

Det vert ikkje 17. mai gudsteneste i Stord Kyrkje, men tale ved prosten ved kransenedlegging. Det vert gudsteneste v/ Rommetveit skule og på Huglo. Samrøystes.

## 2023/36- 360 Folk i sentrum

Staben er i gong med planlegging av arrangement ifm Folk i Sentrum. Det har vore laber respons frå soknerådet på kven som vil vere med denne helga. Diskusjon rundt opplegg og deltaking.

*Nokre har allereie meldt seg til teneste (Sigrid, Dag og Anders), nokre veit dei ikkje kan og andre er usikre. Soknerådet reknar med å stille ressursar til opplegget laurdag (som Ingvild og Reidar er i gong å planleggje). Svein Arne og Noah frå staben følgjer opp arbeidet med gudstenesta. Jørgen melder tilbake til dei at det er litt begrensa kor mange som deltek frå soknerådet, men at ein bør arbeide (saman) om å mobilisere fleire frivillige utanfor soknerådet.*

*Det er førebels ikkje konkludert med lokale. Ønskjer å ta kontakt med Osvald og følgje opp den gode dialogen frå i fjor, uansett om det vert der eller ein annan stad.*

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

**Vedtak:** Jørgen melder momenta frå samtaLEN tilbake til andre i staben som er i gong med planlegginga og følgjer opp.

## 2023/37- 311 Gudstenester til hausten og takkofferføremål

Jørgen orienterer om utkast til gudstenesteliste for hausten inkludert takkofferføremål.

**Vedtak:** Gudstenestelista inkl. takkofferføremål vert godkjend som ei førebels liste.  
Soknerådet ynskjer å få inn fellesgudstenester og gudstenester på Huglo inn i lista til neste møte.

## 2023/38- 332 Tilbakemelding vedr. konfirmantopplegg

Orientering om evaluering og tilbakemeldingar vedr. konfirmantopplegg ifm fasteaksjonen. Ingvild Almås orienterer om utfordringar i konfirmantarbeidet som følgje av bl.a. ressurssituasjon i staben og moglege løysingar / tiltak ein ser føre seg fram mot neste år.

*Moment frå samtaLEN: Både deltarar og dei tilsette sit att med ei därleg oppleving etter konfirmantopplegget v/ Nysæter kyrkje ifm fasteaksjonen. Tilsette har evaluert tiltaket og teke lærings frå det for å hindre at det gjentar seg, og evaluerer også saman med konfirmantane. Ei viktig erkjenning er at ein manglar faste voksenpersonar som har fått arbeide med konfirmantkullet heile året pga ressurssituasjon i stab. Årets konfirmantkull er også av det urolege slaget og hadde trengt meir stabile rammer, mindre grupper mm enn ein klarte å legge opp til. Ein jobbar no med planar for neste år og korleis ein skal få eit godt opplegg med gode rammer. Dei tilsette løfter fram at konfirmantundervisninga er viktig og at ein ønskjer å finne løysingar for å sikre eit godt opplegg heller enn å ta ned aktivitetsnivået. Godt håp om at ny kyrkjelydspedagog er på plass til hausten, som vil betra situasjonen.*

**Vedtak:** Soknerådet tar orienteringa til vitande og støtter at konfirmantarbeidet er viktig. Naturleg at vi tar det inn som ein del av satsingane for 2023/2024 når ein skal til å sjå på planarbeid i tida framover. Får meir og oppdatert info av Ingvild på soknerådsmøte 1. juni om planlagt opplegg for neste skuleår.

## 2023/39- 023 Planarbeid i Stord sokn

Oppfølgingssamtale frå fellesmøte 12. april om planarbeid for soknet. Sitjande sokneråd må ta ansvar for å leggje ein plan for skuleåret 2023/2024. Drøfting i soknerådet om kva ressursar, utfordringar og satsingar vi ser for perioden, og setje i gang utvala med satsingar og aktivitetar for neste skuleår.

### Moment frå samtaLEN:

- **Ressursar:** Diskusjon utsett til møtet 1.juni
- **Utfordringar:** Diskusjon utsett til møtet 1.juni
- **Aktuelle satsingar:** Soknerådet utsette diskusjon om satsingar, men var ila møtet innom dei følgjande punkta som er aktuelle: Konfirmantarbeidet og Nytt misjonsprosjekt  
Mange spørsmål frå folk som ynskjer at Kveldssamlingane startar opp igjen.

### Vedtak:

Soknerådet ber alle utvala utarbeide forslag til **satsingar** og **aktivitetar** for skuleåret 2023/2024 og leggje dette fram i soknerådsmøtet 1. juni.

### Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/Jørgen
2. Orientering frå Fellesrådet v/ Dag
3. Innspel frå utvala
4. Siste nytt vedr. Kyrkjevalet 2023
5. Kort referat frå «samråd» med Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjerådet ifm kyrkjeleg organisering
6. Foredrag med Tania Michelet – samarbeidsprosjekt med Sunnbok og Stord ImF. 4.mai 2023.
  - a. Samlinga vert halde i Stord Kyrkje og sokneråd er med å dekkje underskot inntil 2 000kr.
7. Førespurnad om aktivitetar v/fellesgudsteneste 25. juni (Gruo).

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

## Skriv, referat og meldingar

1. Referat, diakoniutval, 15. mars 2023
2. Referat, trusopplæringsutval, 15. mars 2023
3. Referat, Kyrkjestova Fredheim, 29. mars 2023

Anders Dahl  
soknerådsleiar

Reidun Andersen  
Sakshandsamar